

Fra: Elin Muren Rokstad [elin.rokstad@sande-mr.kommune.no]  
Sendt: 1. februar 2011 00:01  
Til: Postmottak KD  
Kopi: inhi@klevenmaritime.no  
Emne: SV: høringsuttale  
Vedlegg: Høringsuttale NOU 2010 8 Med forskertrang og lekelyst.doc

Viser til mailen nedanfor .  
No er vedlegget lagt ved sendinga.

Mvh  
Elin Muren Rokstad  
Leiar Servicekontoret i Sande/ rådgjevar barnehage og skule  
www.sande-mr.kommune.no  
tlf 70026700

Ha ein fin dag!

Fra: Elin Muren Rokstad  
Sendt: 31. januar 2011 15:37  
Til: 'postmottak@kd.dep.no'  
Kopi: 'inhi@klevenmaritime.no'  
Emne: høringsuttale

Opk-utvalet i Sande kommune, Møre og Romsdal støttar den uttalen som er  
innsendt frå Volda  
kommune v/ Bodil Brautaset 31.01.2011 - Sjå vedlegg

Med helsing

Sande kommune  
v/ Elin Muren Rokstad  
Rådhuset  
6084 Larsnes



# VOLDA KOMMUNE

## Barnehageavdelinga

Kunnskapsdepartementet

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2011/190	969/2011		BHG/ BB	31.01.2011

### SVAR PÅ HØYRING - NOU MED FORSKERTRANG OG LEKELYST HØYRINGSUTTALELSE FRÅ STYRARGRUPPA I BARNEHAGANE I VOLDA KOMMUNE

#### **Kommentarar til 12.1 Obligatorisk barnehage 12.2 Gratis barnehage 12.3 Organisering**

Styrargruppa er glad for at Brennautvalet konkluderar med at tilbodet inntil vidare skal vere frivillig og at det skal vert gitt innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Når det gjeld gratis barnehage ser vi at tilbodet på sikt må bli gratis. Men den viktigaste faktoren for å sikre kvalitet i barnehagen er personalet. Barnehagen er første del i utdanningssystemet og bør vere gratis, men slik situasjonen er i dag, må vi prioritere å få inn fleire pedagogar framføre 20 timar gratis barnehage.

#### **Kommentarar til 12.4 Barnehagens innhald og oppgåver**

”Tydeligere mål for barns utbytte av å delta i barnehagen vil også kunne bidra til at flere familier vil velge å la barna gå i barnehagen (s. 136)” Styrargruppa ser med undring på denne påstanden når vi veit at 97.8 % av alle barn i alderen 3-5 går i barnehage (Asplan Viak). Vi trur ikkje det er tydelegare mål for barna sitt utbytte som gjer at barna ikkje har barnehageplass. Vår påstand er at det heller går på ideologi og økonomi til foreldra enn mangel på mål.

#### **MÅL FOR BARNEHAGEN SITT ARBEID MED**

- LEIK, OMSORG OG SOSIAL KOMPETANSE
- EINSKILDBARN

Styrargruppa meiner vi har ein god Rammeplan. Den har fokus på kva dei vaksne i barnehagen skal leggje til rette for at barna skal kunne vere forskande og leikande. Barnehagane har stor valfridom og dei har høve til å kunne velje metode ut i frå lokale forhold. Dette ser styrargruppa som positivt og noko ein ynskjer å halde fram med. Styrargruppa er samd i at barnehagen som ei pedagogisk verksemd skal vere styrt av mål, men vi er sterkt imot at måla skal vere knytt mot einskildbarn og ikkje mot barnehagen. Kjem det ei endring i Rammeplanen så må det vere prosessmål opp i mot personalet sitt arbeid i barnehagen, slik det er med fagområda.

Styrargruppa er skeptisk til at barna sjølve skal setje mål for eiga læring og utvikling. Skal barn heilt ned i treårs-alderen vere med å setje egne mål for seg sjølv ? Vi ser ikkje at dette er

naudsynt og meiner at barna ikkje skal ha dette ansvaret. Vi ynskjer derimot å arbeide vidare med barn sin medverknad i barnehagekvardagen. Barna skal få høve til å vere med i planlegging, gjennomføring og evaluering av barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar.

### **FORMELLE OG UFORMELLE LÆRINGSSITUASJONAR I BARNEHAGEN**

Utvalet foreslår at det skal stillast krav om likt fokus på formelle og uformelle læringssituasjonar i barnehagen. Styrargruppa oppfattar det som om dei formelle læringssituasjonane skal vektleggast meir enn tidlegare. Vår oppleving i det daglege er at dei formelle og uformelle læringssituasjonane går over i kvarandre. Styrargruppa sin reaksjon er at vi opplever ei dreining mot meir skuleretta aktivitetar. Vi ser føre oss at det blir meir skuleaktivitetar der den vaksne har ansvar for å formidle kunnskap til barna. På bakgrunn av vår forståing er styrargruppa ikkje samd i at formelle og uformelle læringssituasjonar skal ha likt fokus i barnehagen. Vi meiner at det nettopp er i dei uformelle situasjonane barna blir sett, motivert, inspirert, er leikande, utforskande og at forskarspiren får utfalde seg. Barnehagen skal vere ein plass der barna får møte kompetente pedagogar som legg til rette for leikande og forskande barn. Det er viktig for styrargruppa å understreke kor viktig det er å ivareta og sikre leiken sin plass også i framtidens barnehage.

### **SKULEFØREBUANDE AKTIVITETAR**

Styrargruppa er glad for at utvalet foreslår at dei skuleførebuande aktivitetane skal ha fokus på utvikling av barna sin sosiale kompetanse, språk og andre former for kommunikasjon. Vi er samd i at aktivitetane bør vere varierte og at barna må få medverke aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av desse aktivitetane.

### **Kommentarar til 12.5 Personalet i barnehagen**

#### **ETTER- OG VIDAREUTDANNING**

Styrargruppa er positive til forslaget om eit varig, nasjonalt system for etter- og vidareutdanning for tilsette i barnehagesektoren, inkludert leiaropplæring for styrarane. For at dette skal verte gjennomført må det bli tilført midlar til kommunen slik at det ikkje er kommuneøkonomien som vert avgjerande om tilsette får ta del eller ikkje.

#### **MINIMUMSKRAV FOR ASSISTENTAR**

Styrargruppa er positive til forslaget om å innføre minimumskrav for assistentar. På sikt ser vi føre oss at det kan verte eit krav om fagbrev for å arbeide som assistent i barnehagen. Vi vil presisere at det å innføre minimumskrav til assistentar ikkje må gå ut over pedagogtettleiken til barna.

#### **LØNSLØFT OG SIKRE REKRUTTERING**

Styrargruppa er samd med Brennautvalet at dersom vi skal behalde og rekruttere fleire førskulelærarar må det kome eit lønsløft til barnehagane. Dette må vere eit tema på dei sentrale lønsforhandlingane og ikkje i dei lokale lønsforhandlingane.

### **MINST 50 % FØRSKULELÆRARAR**

Styrargruppa meiner det er avgjerande for å heve kvaliteten at det blir fleire førskulelærarar i barnehagen. Vi meiner at minst 50 % av dei tilsette i barnehagen må ha førskulelærerutdanning eller anna tilsvarande pedagogisk utdanning. Vi går då ut frå at ordninga vi har i dag, med at personar med anna tilsvarande pedagogisk utdanning blir godkjent som pedagogiske leiarar, dersom dei tek ei tilleggsgutdanning på 60 studiepoeng Barnehagepedagogikk.

Vi vil også presisere at det å auke pedagogtettleiken ikkje må gjere det slik at barna får mindre vaksentettleik. Pedagogane skal ha planleggingstid for å kunne gjere arbeidet dei er pålagt å gjere. Fleire pedagogar vil medføre at meir tid går til ubunden arbeidstid, noko dei treng for å gjere arbeidet sitt. Dette må erstattast med anna personalressurs.

## **BARNEHAGEFAGLEG KOMPETANSE I KOMMUNEADMINISTRASJONEN**

Styrargruppa ser det som heilt naudsynt at vi har personar som har barnehagefagleg kompetanse i administrasjonen for å sikre god barnehagekvalitet.

### **Kommentarar til 12:6 Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule SAMARBEID BARNEHAGE – SKULE**

Styrargruppa meiner det er positivt at utvalet foreslår at det blir innført eit gjensidig og forpliktande samarbeid mellom barnehage og skule både i regelverk og i planverk. Eit forpliktande samarbeid er nødvendig for å sikre ein god overgang. Vi ser det som positivt at førskulelærar og grunnskulelærar får tilbod om kompetanseutvikling med fokus på samarbeid mellom barnehage og skule. Det er også positivt at utvalet foreslår at grunnskuleutdanninga for 1.-5. trinn skal ha obligatorisk praksisperiode i barnehagen.

### **12.8 Kunnskap om kor viktig barnehagen er for utviklinga til barna**

Styrargruppa er samd med Brennautvalet om at vi treng å setje i gang evalueringsstudiar og forskingsoppfølging av barnehagen der vi får dokumentert kor viktig barnehagen er for utviklinga til barna.

### **Hjartesukk!**

Vi saknar at utvalet kjem inn på om vi skal innføre maksimal opphaldstid per dag for barna i barnehagen, noko som også har samanheng med kvaliteten for barna. Vi opplever at barna har lengre og lengre dagar i barnehagen og vi ser at ein del av barna er slitne. Styrargruppa meiner difor med fokus på barna at det er på tide å innføre maksimal opphaldstid for barna i barnehagen.

Med helsing

Styrargruppa i Volda kommune

Lauvstad barnehage v/ Marianne Mork

Sollia barnehage v/ Hildegunn Wiik

Engeset barnehage v/ Inger Anne Holm

Folkestad barnehage v/ Synne Buer

Heltnebøen barnehage v/ Fahimeh Hafezi

Rotset barnehage v/ Signe Moldskred

Trollsletta barnehage v/ Rune Humberset

Hjellbakkane barnehage v/Einar Magne Moe

Lødemel

Barnehagekonsulent Bodil Brautaset

Mork barnehage v/Marianne Mork

Austefjord barnehage v/ Sonja Helen Øye

Oppigarden barnehage v/ Dagny R. Wangen

Bratteberg barnehage v/ Frank Vidar Andersen

Bjørkedal barnehage v/ Håvard Hauge

Øyra barnehage v/ Anne-Grete Eiken

Røysmarka studentbthg. v/Sigrid Aasen

Barnehagesjef Reidun Klepp Nilsen

**Dei sju kommunane på Søre Sunnmøre har eit barnehagenettverk. Nettverket støttar uttale frå styrarane i Volda kommune.**

**Med helsing**

**Nettverket Sjustjerna:**

**Barnehagekonsulent Ulstein kommune v/ Beate Farestveit Brandal**

**Barnehageleiar Herøy kommune v/ Laila Solhaug**

**Områdeleiar Hareid kommune v/ Solveig Ertesvaag**

**Barnehagekontakt Sande kommune v/ Elin Muren Rokstad**

**Barnehagekoordinator Vanylven kommune v/ Brit Iren Kvamme**

**Rådgevar barnehage Ørsta kommune v/ Borgny Ottestad Knarvik**

**Barnehagesjef Volda kommune v/ Reidun Klepp Nilsen**